



# Fedje kommune

Kommunedirektør

KOPI

Land & Strand Eiendom As  
Hovedgården 38A  
5307 Ask

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/2 - 23/3164

Sakshandsamar:

Berit Karin Rystad

berit.karin.rystad@fedje.kommune.no

Dato:

08.06.2023

## Ferdigattest - gbnr Fedje - 169/47 Kremmarholmen

### Administrativt vedtak

Etter avtale med Fedje kommune

**Tiltakshavar:** Land & Strand Eiendom As

**Ansvarleg søker:** Bygg & Rehabilitering As

**Tiltak:** Oppføring av tilbygg og påbygg, fasadeendring og bruksendring

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for leilegheit 5, 9, 10,11 og 12, pergola og 2 stk. utvendige tilbygg mot øst.

basert på innsendte teikningar på gnr. Fedje - 169 bnr. 47.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdig.

Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.12.2022.

### Skildring

Adresse:	Gnr. Fedje - 169 bnr. 47.
Bygningstiltak	Oppføring av tilbygg og påbygg, fasadeendring og bruksendring, gjeld for leilegheit 5, 9, 10,11 og 12 basert på innsendte teikningar
Bygningsnummer	

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

**Skorstein**

Kommunen minner om at det for bygning med skorstein må sendast inn opplysningar til feiar om oppført skorstein: skorsteinstype, nytt tverrsnitt (innvendig mål), rehabiliteringsmetode, brannteknisk godkjeningsnummer, tal meter og oppstillingsvilkår, jf. forskrift om brannførebygging (FOR-2015-12-17-1710) §§ 6 og 9.

Med helsing

Berit Karin Rystad  
Kommunedirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Land & Strand Eiendom As	Hovedgården 38A	5307	Ask
Tore Andre Frugård	Hovedgården 38a	5307	Ask

**Mottakarar:**

Bygg & Rehabilitering As	Johan Berentsens vei 41	5160	Laksevåg
--------------------------	----------------------------	------	----------